

---

**Saksnr:** 2020/79144-2  
**Saksbehandlar** Simen Lagesen Krogstie  
**Dato:** 27.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## UKM fylkesfestival 2021 - digital løysing

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i sak 2020/121 vedtak om at det skulle arrangerast to fylkesfestivalar i Ung Kultur Møtest (UKM) i Vestland i 2021, på Voss og i Måløy. Av omsyn til smittevern, og i samråd med kommunane, har fylkesdirektøren no konkludert med at UKM fylkesfestival likevel må gjennomførast digitalt.

Pandemien gjer at det framleis er svært avgrensa kor mange personar som kan samlast på kulturelle arrangement, og prognosar frå folkehelseinstituttet syner at ein ny smittetopp kan kome i april, som er den månaden UKM sine fylkesfestivalar var tenkt gjennomførte.

Den digitale løysinga er planlagt som ein fjernsynsproduksjon med eit utval av deltakarar frå kommunane i fylket. Tanken er å kome ut i kommunane og gjere opptak der. Vi vil ikkje ha kapasitet til å kome ut i alle kommunane i fylket, men legg opp til at kommunane samarbeider om arrangement. Det er kommunane som vel kven som skal vere representerte på festivalen. Den digitale løysinga for fylkesfestivalen vil ha eit tidsperspektiv utover heile året. Prosessen fram mot deltaking i festivalen er ein viktig del av arbeidet med UKM lokalt, regionalt og nasjonalt. Det som skjer lokalt i kvardagen til ungdommen er grunnlaget for festivalen.

Fylkeskommunen legg opp til aktiv medverknad frå kommunane og ungdomsgruppa i planlegging og gjennomføring av fylkesfestivalen.

UKM Norge har ressursar på digitale løysingar som både kommunane og fylkeskommunane kan dra nytte av.

Fylkesdirektøren omdisponerer 1,5 mill av det samla budsjettet til UKM på 1,74 mill i 2021 til gjennomføring av digital fylkesfestival UKM.

Viser elles til innhaldet i vedlegget.

### Vedlegg

1 UKM fylkesfestival 2021, digital løysing-prosjektskisse